

Byggmester Steinar Thunold AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/324 - 14/16263

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

02.07.2014

## Svar på søknad om avkjørsle frå kommunal veg - gbnr 102/83 Vabø Søre

Teknisk drift syner til e-post motteke 01.07.2014 vedkommande søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle for 1 bustadeining – gbnr 102/83 Vabø Søre.

### Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje utvida bruk av eksisterande avkjørsle for 1 bustadeining på følgjande vilkår (standard krav):

- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørslar fra offentlig veg», §§ 40-43 i Veglova, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørslar, sikt, svingradius, drenering under avkjørslar, samt at ein skal snu på eigen grunn. Siktsoner skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsoner skal til ein kvar tid haldast vedlike av brukarane av avkjørslar.
- Ytterligere informasjon vedkommande tekniske krav finn ein på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no) (FOR-1964-07-16 nr 3905 og veglova) og [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) (vegnormal N100).
- Det må ligge føre rett til å nytte privat veg.

Vi gjer merksam på at dersom avkjørslar må utbetrast for å tilfredsstille tekniske krav, er dette arbeidet søknadspliktig hos byggesak.

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørslar fra offentlig veg» at vegmynde skal setje krav til avkjørslar frå offentleg veg. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

[www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



**Klage:**

Vedtaket kan påklagast til kommunen jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgjer av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Situasjonskart

**Kopi til:**

Øystein Kvamme

Skauvegen 539

5957

MYKING

Lindås kommune ved byggesak

Kjetil Eikefet

**Mottakarar:**

Byggmester Steinar Thunold AS